



Hordaland Fylkeskommune, Kultur og idrett  
Postboks 7900

5020 BERGEN

Saksbehandlar  
Jon Harald Kjærland

Tlf. direkte innval  
53483273

Vår ref.  
2013/1559-3

Dykkar ref.

Dato  
04.07.2013

## Høyring - 59/2 - riving av gamalt naust - Sundal - Stig Fredheim

Søkjar: Stig Fredheim, Sundal, 5476 Mauranger.

### Søknaden gjeld:

Det vert søkt om å riva gamalt naust og byggja oppatt eit heilt nytt nausttiltak på 59/2 i Sundal. Søkjar opplyser at naustet no er i så dårleg forfatning at det ikkje kan nyttast til båtnaust lenger. Dei doble murane sig grunna dårleg fundamentering og har fleire stader rasa ut, jfr bilde nr. 7 og 8. Søkjar skriv at han ikkje kan ta ansvar for at forbipasserande kan bli skada av stein som kan ramla ut. Søkjar skriv at ei restaurering heilt frå grunnen av, er anslått til om lag 700.000 kroner og er ikkje rekningsvarande.

Utvendig naustmål på dei gamle murane er 12,2 X 9,5 meter. Tjukna på murane er oppgjeve til 1,5 meter.

### Andre opplysningar:

Søkjar skriv at murane er gamle, og truleg verneverdige. Sperr og tak vart skift for ca 50 år sidan. På taket ligg det eternitt som snart må skiftast ut. Han skriv at dei gamle murane må fjernast heilt og grunnen fundamenterast på nytt, og søkjar ser for seg betongmur.

### SEFRAG bygg:

Av SEFRAG-registeret over gamle bygg finn vi at omsøkt naust på 59/2 er registrert oppført ca. år 1550 – 1600. Det er såleis eit av dei eldste nausta vi kjenner. Taktekinga er imidlertid endra i 1954.

### Uttale:

Kommunen har ikkje eit klart utfall av vedtak ein her vil enda opp med. Naustet er gamalt og av lokalhistorisk verdi om byggjemåte frå lang tid attende. Det vil vera eit tap om murane vert fjerna eller lødd oppatt maskinelt. Den beste løysinga er om fagkyndige kunne rettleida søkjar til eit tjenleg restaureringsprosjekt innanfor ei handterleg økonomisk ramme.

Eit anna alternativ er om ein kunne sikra murane ved spunting eller tilsvarande, då vil murane kunne fortelja historien inn i framtida. Trebygget kan det vera vanskeleg å ta vare på. Dersom murane skal fredast, må søkjar få dispensert anna areal i LNF-området til eit tjenleg båtnaust.

Vi ber om dykkar uttale til rivingssøknaden.

Jon Harald Kjærland  
saksbehandlar

Vedlegg: Søknad, bilder, forslag til nybygg, kart.

Kopi til: Stig Fredheim, Sundal, 5476 Mauranger.